

# ÅRSMELDING

## 2015



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

*Meir himmel på jorda*

## 1 .0 INNLEIING OG GENERELT

### Personale

Vi har hatt ei nyttilsetjing i 2015 i 50% trusopplæringsstilling. Stillinga er auka opp til 50% frå nyttilsetjinga.

### Økonomi

Soknet hadde eit mindreforbruk (overskot) på 342.618,- i drifta. Dette heng i hovudsak saman med mindreforbruk for pensjonskostnader på ca. kr 200.000,-, meirinntekt på festeavgift på ca. kr 92.000,- samt nokre planlagte, ikkje gjennomførte vedlikeholdstiltak på Askvoll kyrkje (ca. kr 50.000,- unytta).

Også i investeringsrekneskapan for 2015 har ein eit mindreforbruk på kr 92.146,- som kan forklarast med at rehabiliteringsprosjektet på Kvammen kapell er forseinka.

### Kyrkjeval

15. september var det kyrkjeval, med val på sokneråd og bispedømmeråd/Kyrkjemøte. Valdeltakinga var på 26%. Det vart gitt statstilskot for gjennomføring av valet, og Askvoll hadde ca. kr 17.000,- i restmidlar etter valoppgeret.

### Investeringsprosjekt

Ein har ikkje hatt tilfredsstillande progresjon i fleire av dei planlagde investeringsprosjekta i soknet. Utvidinga av Askvoll kyrkjegard har vorte forseinka pga. mellom anna på grunn av oppreinskingsarbeid for grunnmassane. Ein har enno ikkje lukkast med byggeløyve på sikringstiltak for Holmedal kyrkjegard, og ein har frå juni venta på biskopen si godkjenning av fasadeendring for Kvammen kapell. Utskifting av varmesystem og elektrisk anlegg i Holmedal kyrkje er ferdigstilt i 2015.

### Gravplassforvalting

Det har vore ein sterk auke i kartlagte gravfestarar og talet fornya festeavtaler i 2014-2015 samanlikna med tidlegare år. Dette heng saman med den stabile bemanningssituasjon i kyrkjeadministrasjonen og særskilt satsing på dette med mellombels oppauka stillingsdel til føremålet. Denne auken har ført til betydelege meirinntekter i festeavgifter.

## 2 .0 ORGANISASJON

---

### 2.1 Askvoll sokneråd

*Askvoll sokneråd er det lokale kyrkjestyret for Askvoll sokn. Soknerådet har både sokneråds- og fellesrådsfunksjon. Som sokneråd har rådet ansvar for å nærme det kristelege livet i soknet og som fellesråd skal rådet forvalte dei kyrkjelege eigedommane i soknet (kyrkjebygg og gravplassar), arbeidsgivaransvar for dei som er tilsett i lokalkyrkja, forvalte lokalkyrkja sin økonomi, vere gravplassstyresmakt og ivareta soknet sine interesser overfor kommunen.*

*I 2015 var det kyrkjeval, og samansetninga av rådet er derfor endra pr. 1. november (då ny soknerådsperiode trådte i kraft) og 1. desember (då ny fellesrådsperiode trådte i kraft).*

*Meir himmel på jorda*

### **Valde medlemmer**

<b>Fram til 31. oktober/30. november</b>	<b>Frå 1. november/1. desember</b>
Ole Andreas Myrstad (leiar) Anne Grethe Lien (nestleiar) Reidun Melvær Norheim Jorunn Ringstad Inger Lise Saltskår Oddvar Reidar Indrebø Jostein Vidar Takle Linda Karin Solheim Kari Berit Ness Arne Fedøy 1. vara Else Stølen 2. vara Judith Karin Nesberg Gjervik 3. vara Jostein Gryte 4. vara Agnar Kjell Vilnes	Jostein Gryte (leiar) Wenche Ness Gabrielsen (nestleiar) Harriett Norstrand Halldis Rørvik Arne Fedøy Aud Eldrid Frøholm Ingvild Loftheim Leif Jørgen Leknes Terje Mork Else Stølen 1. vara Karen Anny Espedal 2. vara Sissel Hege Igland 3. vara Eva Iren Landøy 4. vara Egil Helge Tjønneland 5. vara Arne Martin Tjugum

### **Kommunen sin representant**

<b>Fram til 30. november</b>	<b>Frå 1. desember</b>
Åge Guddal Jardar Melvær (personleg vara)	Anne Grethe Lien Åge Guddal (personleg vara)

### **Geistleg representant**

Stein Hugo Fykse Knut Arne Kummeneje (personleg vara)
--

### **Sekretær for rådet og dagleg leiar for verksemda**

Rune Ziener
-------------

### **2.2 Soknerådsmøte og soknemøte**

I 2015 var det 10 soknerådsmøte (inkl. eitt elektronisk møte), og det vart handsama 60 saker. Det var soknemøte i Holmedal Bedehus 12. april med 22 møtande med røysterett. I tillegg til årsmøtesakene vart det fatta vedtak om lokal grunnordning for gudstenesta.

### **2.3 Utval og komitéar**

#### **Administrasjonsutval**

Ole Andreas Myrstad, vara Jorunn Ringstad  
Anne Grethe Lien, vara Linda Karin Solheim  
Stein Hugo Fykse, vara Jostein Vidar Takle  
Oddgunn K. Grane som representant for dei tilsette  
Kyrkjeverja

#### **Forhandlingsutval**

Anne Grethe Lien, Ole Andreas Myrstad og Rune Ziener  
Vara: 1. Oddvar Reidar Indrebø, 2. Stein Hugo Fykse

*Meir himmel på jorda*

### **Arbeidsutval**

Ole Andreas Myrstad, Anne Grethe Lien, Stein Hugo Fykse og Rune Ziener

### **Kyrkjelydsutval**

#### **Askvoll**

Linda Karin Solheim  
Oddvar Reidar Indrebø  
Jorunn Ringstad  
Ragnhild Holmelid  
Marie Ringstad

#### **Vilnes**

Oddgunn K. Grane  
Jostein Vidar Takle  
Inger Lise Saltskår  
Ester Hugøy  
Edvin Landøy  
Kjellaug A Vilnes  
Agnar Vilnes

#### **Holmedal**

Anne Grete Lien  
Kari Berit Ness  
Dagny Kristin S. Haugsvær  
Jorunn Bull  
Anne Størdal  
Irene Hestvik

#### **Kvammen**

Ole Andreas Myrstad  
Ann Britt ålen  
Anne Marie Sve Mandelid  
Marit Gryte  
Sigrid Lunde

#### **Bulandet**

Arne Fedøy  
Kathrin Sunde Rogne  
Magnar Hillersøy  
Synnøve Melvær  
Marit Veim Thistel  
Målfrid Hittun Fedøy  
Reidun Melvær Norheim

#### **Værlandet**

Knut Landøy  
Asta Landøy  
Tone N. Nybø

#### **Stongfjorden**

Edith Gjørøy  
Greta Holmar  
Sissel Vie  
Magnhild Osland

### **Trusopplæringsutval**

Leiar - Bente Strømmen

Prest - Knut Arne Kummeneie

Organist - Anton Proskurnin

Medlemer - Linda Karin Solheim, Oddgunn K. Grane, Målfrid Hittun Fedøy, Runhild Øvreås, Ole Andreas Myrstad, Eva Iren Landøy, Hugrun Fedøy.

## **3.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE**

---

Tilsette i soknet

Funksjon	Årsverk 2015	Årsverk 2014	Årsverk 2013
Kyrkjeleg administrasjon	1,7	1,7	1,8
Kyrkjer	1	1	1,55
Gravplassar	0,73	0,73	0,73
Anna kyrkjeleg verksemd	0,5	0,4	0,4
Sum fastlønn	3,93	3,83	4,48
Timetilsette	Ca 0,55	Ca 0,55	Ca 0,43
Sum årsverk inkl. timetilsette	4,48	4,38	4,91

*Meir himmel på jorda*

Då soknet skulle tilsette i trusopplæringsstillinga hausten 2015 vart det beslutta å auke opp denne stillinga med 10% stillingsdel til 50% finansiert over ordinære driftsmidlar.

Kyrkjekontoret held til i sentrum av Askvoll (i gamle kommunehuset), der ein disponerer 6 kontorplassar og møtelokale.

Askvoll sokneråd er medlem av Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon (KA) og er omfatta av KA sitt tariffområde.

Dei tilsette har pensjonsordning i KLP.

HMT-rapport 2015 (2014-tal i parentes)

HMT-årsrapport	Kartlagt/avdekka avvik	Lukking/plan for lukking av avvik
Sjuefråver relatert til arbeidsmiljøet	0 (3)	-
Avviksmeldingar	4 (1)	Ja
Skademeldingar	0	-
Vernerunderapport	1 (-)	Delvis
Tilstandsrapport – psykososial kartlegging	-	-
<b>Sjuefråversprosent</b>		<b>6,87 (8,07)</b>

## 4.0 KYRKJELEG VERKSEMD

### 4.1 Gudstenester og kyrkjelege handlingar. Statistikk

#### 4.1.1 Gudstenester

Kyrkje/kapell	Tal gudstenester					Tal deltakarar					Nattverdgjestar				
	2015	2014	2013	2012	snitt	2015	2014	2013	2012	snitt	2015	2014	2013	2012	snitt
Askvoll	27	15	3	14	14,8	1593	1403	214	1161	1093	406	151	37	126	180
Vilnes	13	11	11	13	12	677	685	778	846	747	54	121	48	53	69
Holmedal	14	18	21	15	17	1102	1441	1992	1240	1444	198	328	255	175	239
Kvammen	16	14	11	12	13,3	981	807	724	905	854	142	236	151	167	174
Stongfjorden	3	6	9	10	7	206	183	263	387	260	15	53	90	77	58,8
Værlandet	1	5	8	10	6	147	305	390	476	330	0	36	99	118	63,3
Bulandet	14	11	10	11	11,5	665	494	495	597	563	260	218	216	204	225
Sum	88	80	73	85	81,5	5371	5318	4856	5612	5289	1075	1143	896	920	1009

Inkludert i tal gudstenester er nattverdgdustenester, familiegudstenester (inkludert julaftan), friluftsgudstenester, skulegudstenester, ungdomsgudsteneste og ikkje forordna gudstenester.

*Meir himmel på jorda*

**Skulegudstenester:**

I Vilnes og Kvammen var det skulegudstenester til påske med til saman 140 deltakarar.

**Andakter/nattverdguđstenester på Askvollheimen:**

Det har vore ti andakter (fem med nattverd) på Askvollheimen. Desse tala er ikkje med i statistikken ovanfor.

**Snitt deltakarar per guđsteneste:**

	2015	2014	2013	2012	Snitt pr. stad
Askvoll	59,00	93,50	71,33	82,93	76,69
Vilnes	52,08	62,27	70,73	65,08	62,54
Holmedal	78,71	80,06	94,86	82,67	84,08
Kvammen	61,31	57,64	65,82	75,42	65,05
Stongfjorden	68,67	30,50	29,22	38,70	41,77
Værlandet	147,00	61,00	48,75	47,60	76,09
Bulandet	47,50	44,91	49,50	54,27	49,05
Snitt pr. år	73,47	61,41	61,46	63,81	65,04

*4.1.2 Kyrkjelege handlingar*

Kyrkje/kapell	Døypete					Konfirmerte				
	2015	2014	2013	2012	snitt	2015	2014	2013	2012	snitt
Askvoll	15	8	4	3	8	6	7	0	5	5
Vilnes	8	5	14	12	10	6	7	5	6	6
Holmedal	4	4	14	11	8	8	9	15	7	10
Kvammen	10	3	4	4	5	6	3	5	5	5
Stongfjorden	2	0	1	1	1	4	2	1	4	3
Værlandet	0	0	2	1	1	4	1	2	6	3
Bulandet	1	0	1	4	2	2	3	4	3	3
Sum	40	20	40	36	34	36	32	32	36	34

Kyrkje/kapell	Vigde					Gravlagde				
	2014	2014	2013	2012	snitt	2015	2014	2013	2012	snitt
Askvoll	1	2	0	1	1	19	16	17	7	15
Vilnes	0	2	1	2	1	7	6	3	2	5
Holmedal	1	2	5	1	2	6	8	6	8	7
Kvammen	0	1	0	0	0	2	3	6	1	3
Stongfjorden	0	0	0	0	0	3	7	7	1	5
Værlandet	0	0	0	0	0	2	2	3	0	2
Bulandet	3	0	1	3	2	4	2	2	1	2
Sum	5	7	7	7	7	43	44	44	20	38

*Meir himmel på jorda*

## 4.2 Trusopplæring

Oversikt over trusopplæringstiltak som er gjennomført i soknet i 2015

Alder	Namn på tiltak	Fra plan	Tal samvær	Omfang i timar
0 - 1	Dåpsfase	Med Jesus vil eg leva.	2	3
4	Utdeling av 4-års bok	Med Jesus vil eg leva.	1	3
6	6-åringar	Med Jesus vil eg leva.	1	3
9	Påskevandring	Med Jesus vil eg leva	2	5
11	Kode B - Utdeling av bibel	Med Jesus vil eg leva.	3	6
14 - 15	Konfirmasjon	Med Jesus vil eg leva.	21	60
Total			30	80

Oversikt over tal deltakarar per tiltak og oppslutnad i høve til målgruppa (årskulla i soknet)


Tiltak	Tal deltakarar	Tal jenter	Tal Gutar	Deltaking prosent	Tal i målgruppa
Dåp	32	14	18	100%*	32
4-årsbok	30	14	16	81%	37
6-årsbok	28	14	14	78%	36
Påskevandring 9 år	4	3	1	16%	25
Kode B 11 år	14	8	6	48%	29
Konfirmasjon	36	17	19	100%	36
Total	144	70	74	74%	195

Dei nye tiltaka som var sett i gong i 2015 var:

- Påskevandring for 9-åringar
- Utvida opplegg for Kode-B for 11-åringar
- Utvida opplegg for 4-åringar
- Utvida opplegg for 6-åringar

Grafen nedanfor viser korleis det totale volumet trusopplæringstimar (timetal i tiltaket X tal deltakarar), 2526 timar er fordelt på type tiltak.

### Tal timar pr. deltakar x tal deltakarar fordelt på type tiltak



*Meir himmel på jorda*

### 4.3 Kyrkjemusikk

Soknet arrangerte fire konsertar i eigen regi i 2015. Totalt frammøte for desse var 475 besøkande.

Utanom dette vart det arrangert tre kyrkjekonsertar ved eksterne arrangørar med totalt 449 besøkande.

### 4.4 Diakoni

Diakoniarbeidet har ikkje vore eit satsingsområde for soknerådet i 2015 fordi ein ikkje har hatt diakoniutval i arbeid.

### 4.5 Misjon

Soknerådet har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap og støttar prosjektet *Barn og unge i Thailand*. Totalt innsamla kyrkjeoffer til kyrkjelydens misjonsprosjekt var kr 14.344,- fordelt på ni gudstenester.

### 4.6 Profilerings og kommunikasjon

#### Kyrkjeblad

I 2015 fekk ein gitt ut tre nummer av kyrkjeblad for Askvoll.

Dette er eitt nummer færre enn målsetjinga. Grunna kunngjeringsfristar i høve kyrkjevalet vart sommar- og haustnummeret av bladet slegne saman.

Finansiering av trykkinga skjer ved frivillig bladkontingent, annonser, kyrkjeofringar og gåver. I 2015 hadde ein ei underfinansiering på kr 5.358,- for kyrkjebladet, saldert mot bunde fond for kyrkjeblad.

#### Heimesider

Frå mars 2014 fekk ein etablert egne heimesider for soknet. Heimesidene er tenkt å vere den grunnleggjande informasjonsbasen, der publikum kan søkje opp relevant informasjon. Talet unike besøkande ligg på rundt 200 personar pr. måned, med mellom 500 og 1000 sideoppslag.

#### Facebookprofil

I 2014 fekk ein også sett opp ei eiga Facebook-side for soknet. Funksjonen for Facebook-sida er primært annonserande og marknadsførande, samt at ein lenkjer til oppdateringar på heimesida. Kyrkja i Askvoll har 319 tilhengjarar pr. 31.12.2015, opp frå 266 pr. 31.12.2014.



## 5.0 KYRKJER OG GRAVPLASSAR

---

### 5.1 Investeringar

Prosjektoversikt 2015

Avslutta prosjekt 2015	Pågåande/ikkje-avslutta prosjekt 2015	Planlagde/ikkje igangsette prosjekt 2015
Utskifting av elektrisk anlegg og varmesystem i Holmedal kyrkje	Utviding Askvoll kyrkjegard	Tilkomstveg og parkeringsplass, Vilnes kyrkje/kyrkjegard
	Sikring Holmedal gravplass mot Bakkeelva	
	Rehabilitering av takkonstruksjon, Kvammen kapell	

Prosjektbeskrivelse:

#### *Utviding Askvoll kyrkjegard*

Kyrkjegarden skal utvidast mot nord med 258 nye graver. Ein fekk slutført alt av grunnarbeid i 2015 med reinsking og utskifting av ureina massar og anleggsarbeid mot Presteelva.

Anleggsgartnararbeid og elektroarbeid står att til fullføring i 2016.

#### *Sikring mot Bakkeelva*

Ein fekk gjennomført planlegging av tiltak for sikring av Holmedal kyrkjegard og bårhus i 2014.

Tiltaksplan er utarbeidd, og prosjektet vert støtta av NVE.

Gjennom 2015 har ein ikkje lukkast med å få byggjeløyve.

#### *Utskifting av el-anlegg og varmesystem Holmedal kyrkje*

Vinteren 2015 vart dette arbeidet gjort.

#### *Rehabilitering Kvammen kapell*

Ein fekk gjennomført tilstandsanalyse, tiltaksplan og kostnadskalkyle for rehabilitering av Kvammen kapell. 2. juni 2015 vart det søkt Bjørgvin biskop om løyve til eksteriørendringa, men pr. 31.12. hadde ein ikkje fått godkjenning av prosjektet.

#### *Tilkomstveg og parkeringsplass Vilnes kyrkje og kyrkjegard*

Dette vart ikkje sett i gang som planlagt i 2015 fordi det ikkje er avklara om ein får høveleg grunn til å opparbeide parkeringsplassen.

*Meir himmel på jorda*

## 5.2 Vedlikehald, inventar og utstyr Innvendig opprusting av Holmedal kyrkje

I samband med monteringa av nytt varmesystem og nytt elektrisk anlegg har Holmedal kyrkje fått ei innvendig opprusting. Golv, kyrkjebenkar, ein del av veggene, galleriet, samt begge sakristia er måla. I tillegg er det montert kjøkkeninnreidning i dåpssakristiet og barnekrok under galleriet. Dette arbeidet vart gjort på dugnad, og det er innrapportert over 474 dugnadstimar til dette prosjektet.

### Lydanlegg

Til Holmedal kyrkje er det kjøpt inn ny mikseforsterkar.

### Salmeboktralle og oppbevaringsskap

Til Askvoll kyrkje er det kjøpt inn salmeboktralle og to høgskåp til området under galleriet.

### Gravplassar

Det er kjøpt inn to snøfresarar til gravplassane i Askvoll og tre nye gravferdskapper. I haust vart 5 stubber på Askvoll gravplass frest bort.

### Trusopplæring

Det er kjøpt inn 12 nye konfirmantkapper i 2015.

## 6.0 ØKONOMI

---

### 6.1 Driftsrekneskapen

Askvoll sokn hadde i 2015 eit mindreforbruk på kr 342.618,- i driftsrekneskapen.

I investeringsrekneskapen til soknet var det eit mindreforbruk på kr 92.146,- på prosjekt 1002 (Kvammen kapell).


Overskotet i investering er føreslege brukt til å finansiere same prosjektet, og overskot i drift er føreslege brukt slik:

Kr 50.000,- til eigenandel for forsikringsskadar.

Kr 292.663,83 som finansieringsreserve for investeringsprosjekt. Soknerådet tek seinare stilling til kva prosjekt dette gjeld. I første omgang vert midlane avsett til ubunde investeringsfond.

Nøkkeltal	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Rekneskap 2014
Sum driftsinntekter	-5 286 907	-4 839 000	-4 792 442
Sum driftsutgifter	4 102 625	4 639 675	5 339 766
Brutto driftsresultat	<u>-1 184 282</u>	<u>-199 325</u>	<u>547 324</u>
Netto finansinntekter/utgifter	-3 248	-1 000	-16 464
Avskrivningar	314 177	314 177	53 308
Motpost avskrivningar	-314 177	-314 177	-53 308
Netto driftsresultat	<u>-1 187 530</u>	<u>-200 325</u>	<u>530 860</u>
Bruk av disposisjonsfond/tidl.års mindreforbruk	-84 018	-75 000	-322 802
Bruk av bundne fond	-9 083	-52 500	-458 210
Sum bruk av avsetningar	<u>-84 018</u>	<u>-127 500</u>	<u>-781 012</u>
Sum avsetningar	928 930	327 825	175 217
Rekneskapsm. mindreforbruk	<u>-342 618</u>	<u>0</u>	<u>-74 935</u>

*Meir himmel på jorda*



#### *Generell kommentar til rekneskaper:*

Grafen nedanfor viser eit betydeleg avvik mellom driftsutgifter og driftsinntekter (kr 1,18 millionar) for rekneskapsåret 2015. Grafen viser og at det både har vore ein betydeleg reduksjon i driftsutgifter samanlikna med året før, på same tid som det har vore ein auke i driftsinntekter.


Til dette er å seie at driftsinntektene i 2015 var spesielt høge p.g.a. ei enkeltgåve på kr 400.000,- til Vilnes kyrkje. I tillegg har inntekter for festeavgift halde fram med å auke, og her var ein meirinntekt i forhold til budsjettet på kr 92.100,-.

Når det gjeld driftsutgiftene for 2015 ligg desse kr 537.050,- under budsjettet. Kr 319.381,- av desse er avvik på lønn og sosiale kostnader som primært skuldast betydeleg kostnadsreduksjon til pensjon, og resterande skuldast mindreforbruk på kjøp av varer og tenester på om lag kr 220.000,-.

#### *Pensjonsutgifter*

Pensjonsutgifter har vore svært varierende dei siste åra. Grunna bakenforliggende berekna framtidig pensjonsforplikting vart premien unormalt høg i 2014. I 2015 var premien tilbake på eit normalnivå, men grunna overføringar frå premiefondet på (kr 109.050,-) over 30% av totalpremien, har dette ført til eit betydeleg mindreforbruk på pensjonskostnad. Grunnen til den høge overføringa heng saman med at ein tilsett låg inne med dobbelt medlemskap i KLP i heile 2014, og kr 107.351,- for mykje innbetalt premie i 2014 vart tilbakeført i 2015. Det var budsjettet med kr 350.100,- (ca 17% av lønnskostnaden, som er i samsvar med prognosen) i totale pensjonskostnader, men det vart berre brukt kr 150.654,-. Pensjonsavviket utgjer såleis om lag kr 200.000,- i forhold til budsjettet.


*Meir himmel på jorda*



#### Festeinntekter


Også festeinntekter i likhet med 2014 var betydeleg høgare i 2015 samanlikna med tidlegare år. Grunnen til denne auken er at ein frå 2014 særskilt har prioritert å gå gjennom gravregister og få reetablert utløpte festeavtaler. Frå 2015 er festeavgifta auka opp med 50% (125% for graver eldre enn 70 år), men samtidig er festeperioden halvert til 5 år, så utfakturet beløp pr. ordinær grav ligg 25% under tidlegare beløp.

Det var budsjettert med totalt kr 255.000,- i festeinntekt for 2015, så her er såleis ein meirinntekt på kr 92.100,- i forhold til budsjettet.



*Meir himmel på jorda*

## Driftsinntekter, driftsutgifter og kommunal rammeløyving 2010-2015



Det har vore store svingningar i driftsinntekter- og utgifter for siste to rekneskapsavslutningar. Grovt sagt var driftsutgiftene uvanleg høge i 2014, noko som gir store utslag på grafen. Ekstraordinære driftsutgifter i 2014 var nær kr 600.000,- til refusjon og tilskot til Askvoll kommune for investeringar i Askvoll kyrkje og Stongfjorden kapell. Saman med ekstraordinært høge pensjonsutgifter (reguleringspremie) ga dette uvanleg høge driftsutgifter i 2014.

Når ein så i 2015 ikkje har hatt tilsvarende utgifter, men tvert imot ein reduksjon i rekneskapsført pensjonsutgift på nesten kr 400.000,- samanlikna med 2014, samt mindreforbruk på vare- og tenestekjøp og meirinntekt på over kr 90.000,- for festeinntekt, gir dette store utslag på grafen for driftsutgifter.

Driftsinntektene viser ein markant nedgang frå 2013 til 2014 fordi det var inntektsført ei gåve på kr 370.000,- i 2013. Store enkeltgåver både i 2013 og 2015 gir altså desse toppane i grafen for samla driftsinntekter.

### **Kommentar til kvar teneste**

#### **04100 – Kyrkjeleg administrasjon**

Denne tenesta har eit meirforbruk i forhold til budsjett på kr 170.467,-, men som i realiteten er eit mindreforbruk på kr 172.152,- fordi driftsoverskotet er ført på denne deltenesta. Her er det eit mindreforbruk på lønn og sosiale utgifter på om lag kr 150.000,- som er største budsjettavvik.

*Meir himmel på jorda*

#### **04200 – Kyrkjer**

Avvik på tenesta med eit mindreforbruk på kr 14.357,-.

#### **04300 – Gravplassar**

Samla mindreforbruk på tenesta er kr 158.110,-. Her er meirinntekt på festeavgifter på kr 92.100,- og mindreforbruk for lønn og pensjon med om lag kr 60.000,-.

#### **04310 – Gravstell**

Tenesta skulle ha gått i balanse, saldert mot bunde fond, men pga. ei dobbeltutbetaling for gravstell går tenesta mellombels med kr 2000,- i underskot.

#### **04400 – Anna kyrkjeleg verksemd**

Tenesta er saldert mot bunde fond «Kyrkjelydsarbeid», avsett kr 28.448,-.

#### **04420 – Trusopplæring**

Tenesta er saldert mot bunde fond «Trusopplæring», avsett kr 117.348,-.

Mindreforbruket heng i hovudsak saman med vakanse og langtidssjukmelding. 95% av avsetninga skal etter retningslinjer for statstilskot for trusopplæring gå til frådrag for neste års statstilskot.


#### **04479 – Kyrkjeblad**

Tenesta er saldert mot bunde fond «Kyrkjeblad», brukt kr 5.358,-.

### **6.2 Investeringsrekneskapen**

Samla investeringar i 2015 i soknet var på kr 3.385.837,- fordelt slik:

*Meir himmel på jorda*



### 6.3 Balanserekneskapen

	2015	2014	Endring
Bunde fond	1 218 587	781 629	436 958
Disposisjonsfond	253 501	178 566	74 935
Ubunde investeringsfond	24 907	0	24 907
Unytta overskot (drift)	342 664	227 769	114 895
Unytta overskot (investering)	92 146	0	92 146
<b>Total</b>	<b>1 931 805</b>	<b>1 187 964</b>	<b>743 841</b>


Gjennom rekneskapsåret 2015 har det vore ei styrking av fondsmidlar og unytta overskot på kr 436.958,-. Viktigaste enkeltfaktoren til auken i avsetningar er gåva på kr 400.000,- til Vilnes kyrkje, som er avsett til bunde fond.

*Meir himmel på jorda*

Unytta driftsoverskot har ein nettoauke på kr 114.895,-. Det er brukt kr 180.000,- frå bunde fond for Holmedal kyrkje til investering.

Grunna forseinkingar i rehabiliteringsarbeidet på Kvammen kapell har ein her eit unytta overskot på kr 92.146,-.


Grunna ein periode med vakanse i trusopplæringsstillinga gjekk ein med kr 117.348,- i overskot, midlar som er saldert mot bunde fond. Etter gjeldande tilskotsreglar vil 95% av denne avsetninga gå til fråtrekk i statleg tilskot for 2016.




*Meir himmel på jorda*



## Bunde fond (fellesrådsmidlar) pr. 31.12: kr 980.662,-




## Bunde fond (sokneråd) pr. 31.12: kr 237.924,-



*Meir himmel på jorda*

## Disposisjonsfond pr. 31.12. kr 253.501,-



*Meir himmel på jorda*

## 7.0 FRAMBLIKK 2016-

---

- **Nye Askvoll kyrkje**
  - **Større fellesskap**
  - **Utvida bruksområde som fannar om fleire**
- **Trusopplæring**
  - **Iverksetje fleire av tiltaka i vedteken plan**
- **Styrking og synleggjering av våre kommunikasjonsplattformer**
  - **kyrkjeblad**
  - **heimesider**
  - **sosiale medier**
  - **sikre ei berekraftig kyrkjebladøkonomi**
- **Gjennomføringsevne for investeringsprosjekt**
  - **auke gjennomføringshastighet**
- **Styrkje det strategiske arbeidet**
  - **visjonsformuleringar og målstyring**
  - **betre merksemd på planarbeid, særleg diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid**
- **Gravplassforvaltning**
  - **komme ajour med festeavtalar**
  - **finne løysingar for betre gravplassvedlikehald**
- **HMT-arbeid for verksemda og arbeidsmiljø**
  - **implementere HMT-systemet**
  - **satse på kompetanse- og personalutvikling**

23.02.2016

Rune Ziener

*Meir himmel på jorda*